




Framlegg til forskrift om vern av Ramstoliane naturreservat, Gjesdal kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon **dato** med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld stor variasjon av trua, sjeldan og sårbar natur, i form av frisk rik boreonemoral, høgstaude edellauskog og rik regnskog med edellausvitre, samt stor førekomst av trua og nær trua artar
- b. representerer ein bestemt type natur med rike edellauskogar av ulike utformingar. Edellauskogen består i hovudsak av eik, men ask, alm, lind og hassel finst òg. Skogen har god førekomst store gamle edellausvitre, kor ein del er styva
- c. på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald i og med mange førekomstar av habitatspesifikke artar og andre indikatorartar på regnskog samt mange raudlisteartar. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar, viktige naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Gjesdal kommune: 77/1, 78/2, 78/4, 78/5, 78/7, 78/9 og 78/57.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på om lag 590 daa. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet **dato**. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetjing av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, eller bruk av kalk, gjødsel eller kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling og deponering av avfall er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetjing av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt

- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar avmerkt på vernekartet.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. nødvendig motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsmyndigheitakan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetjing og vedlikehald av gjerde
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiding frå desse
- g. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav i og j og § 7 bokstav a, b, d og f.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsmyndigheita, eller den forvaltningsmyndigheita bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsmyndigheit*

Statsforvaltaren i Rogaland er forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Ramstoliane naturreservat: pdf-fil